


KYRKJA VÅR ER HEILAG

Ein jubileumssalme. Bud kyrkje 300 år.


Tekst og melodi
Tone Kristin Bergseth
2016

C F/C C G G/H




1. Eit hus vart reist i byg-da vår, det står så traust, bak vå-re naust Med form av

C F/C C Dm G C C7/E




kross, den min-ner oss om håp og tru, for oss i Bud. For

Ref
F G/F E/G# Am F G C C7/E



kyr - kja vår er hei - lag, den gir oss kraft i storm og nød. Den

F G/F E/G# Am Dm Em/G C



vi - ser oss Guds kjær - leik som styr-ker oss i-gjen-nom liv og død.

2. På søndag kyrkjeklokka kling
KOM! -om vårt alter slå ein ring.
Vi høyre får Guds eige ord
-og brød og vin ved nattverdbord

3. Med undring kjem vi i Guds hus
Guds blick ser ned – vi kjenner fred
Vår bøn og lovsong stig no opp
- eit orgelbrus – eit himmelsk sus

4. Det er ei tid; ei tid for alt
- for sorg, for dans, -for glede, glans
Her møtes vi til vigsel, dåp,
til gravferd, -og får trøyst og håp

5. I tunge stunder er ho der
med rom for alt, -alt som gikk galt
For vi kan komme som vi er
vår Gud er med – har oss så kjær

6. Vårt kyrkjeår, det går sin gang -
først advent, så kjem julesang
Før faste, påske, pinse-tid
- der Heilag Anden liv vil gi

7. Tre hundre år, heilt til i dag
har kyrkja stått i mange 'slag'
No står ho framfor oss så fin
- så flott å sjå – slik skal ho stå